

Breivika Eigedom AS

# Reguleringsplan for Breivika industriområde, plan 1 og plan 2

## Planprogram



Oppdragsnr.: 5165540 Dokumentnr.: 002 Versjon: E06  
2017-06-23

**Oppdragsgjevar:** Breivika Eigedom AS  
**Oppdragsgjevares kontaktperson:** Bjarte Steinhovden  
**Rådgjevar:** Norconsult AS, Dalavegen 25, NO-6856 Sogndal  
**Oppdragsleiar:** Jon Ove Lomheim  
**Fagansvarleg:** Johannes-Henrik Myrmel  
**Andre nøkkelpersonar:** Gøril Holen Lomheim

E06	2017-06-23	Justert i samsvar med vedtak sak 067/17 i Planutvalet 01.06.2017	JOL	JoHM	JOL
E05	2017-03-07	Planprogram utsendt til høyring	JOL	JoHM	JOL
E04	2017-03-03	Planprogram til høyring	JOL	JoHM	JOL
E03	2017-02-20	Planprogram til godkjenning	JOL	JoHM	JOL
A02	2017-02-15	Utkast planprogram.	JOL	JoHM	JOL
A01	2017-01-18	Til intern bruk – disposisjon og innhald i dei ulike kapittel.	JoHM		
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

## Samandrag

Norconsult AS har på oppdrag frå Breivika Eigedom AS utarbeidd planprogram for Breivika industriområde, del I og II i Bremanger kommune.

Plan- og utgreiingsarbeidet er ei oppfølging av utviklingsplanane til Breivika Eigedom AS og vedtak gjort av formannskapet den 10. november 2016 i sak 115/16, der kommunen stilte seg bak planarbeidet. Planområdet er på bakgrunn av tilbakemelding frå kommunen delt i to planområde. Dette planprogrammet er felles for planane.

Denne versjon er justert i samsvar med vedtak sak 067/17 i Planutvalet den 01.06.2017.

Detaljreguleringsplan som kan føre til vesentlege verknader skal i samsvar med § 3 fyrste leidd, bokstav a og c vurderast etter kriteria i vedlegg III. Planane vil legge til rette for uttak av stein, deponering i fjorden for etablering av industriområde. Industriområde fell innanfor tiltak 10 bokstav a, medan deponering av stein fell innanfor punkt 11 bokstav k. Planane er vurdert til å kunne få vesentlege verknader for nærmiljø og friluftsliv samt naturmangfald. Planarbeida er vurdert til å falle innanfor virkeområdet til forskrifta om konsekvensutgreiingar. Det inneber at det som ein del av planarbeidet skal utarbeidast planprogram og konsekvensutgreiing som følgjer planframlegget.

Føremålet med planprogrammet, dvs. dette dokumentet, er å sikre medverknad og samråd kring situasjonen i dag, informere om kva som er føremålet med planarbeidet, klargjere aktuelle alternativ og avklare plan- og utgreiingsbehovet som planarbeidet reiser. Planprogrammet skal vere med å sikre ein forutsigbar og effektiv prosess.

Arbeidet med detaljreguleringsplan og konsekvensutgreiing medfører at:

- Planprogrammet skal avklare kva spørsmål som skal utgreiast ved utarbeiding dei to (detalj)reguleringsplanane.
- Basert på fastsett planprogram skal det utarbeidast konsekvensutgreiing og planframlegg. Planframlegga med tilhøyrande konsekvensutgreiing skal leggjast ut til offentleg ettersyn i 6 veker. Kommunen slutthandsamar planframlegga med utgangspunkt i blant anna mottekne uttaler. Det er kommunestyret i Bremanger kommune som vedtek detaljreguleringsplanane.

Planprogrammet er utarbeidd av Norconsult AS for Breivika Eigedom AS. I Norconsult er Jon Ove Lomheim oppdragsansvarleg og Johannes Henrik Myrmel fagansvarleg for planarbeidet. Landskapsarkitekt Gøril Holen Lomheim står for planproduksjon. er har under vegs gjeve innspel til innhaldet.

Bjarte Steinhovden har vore kontaktperson hjå oppdragsgjevar/forslagsstillar.

Arbeidet blir gjennomført i tett samarbeid med kommunen der Inger Hilde har vore kontaktpersonen.

# Innhald

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>5</b>
1.1	Lokalisering av planområdet	5
1.1.1	Detaljreguleringsplan for Breivika industriområde, Plan 1A og 1B.	6
1.1.2	Detaljreguleringsplan for Breivika industriområde, Plan 2	6
1.2	Målsetting	6
1.3	Tiltaksskildring - utviklingskonsept	6
1.3.1	Veg, vatn og avlaup samt energiforsyning	8
<b>2</b>	<b>Tilhøve til gjeldande planer</b>	<b>9</b>
2.1	Nasjonale forventningar og regionale føringar	9
2.1.1	Statlege planretningsline for bustad-, areal og transportplanlegging	9
2.1.2	Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø og vassdrag	9
2.2	Lokale føringar	9
2.2.1	Reguleringsplaner	9
<b>3</b>	<b>Situasjon og utfordringar</b>	<b>12</b>
3.1	Arealbruk	12
3.2	Geologi	12
3.3	Landskap	13
3.4	Naturmangfald og kunnskapsgrunnlag	13
3.5	Kulturmiljø	14
3.6	Naturressursar	15
3.7	Nærmiljø og friluftsliv	15
3.8	Forureining og vasskvalitet	16
3.9	Anleggsperioden	16
3.10	Samfunnstryggleik	16
3.11	Oppsummering	17
<b>4</b>	<b>Framlegg til plan- og utgreiingsprogram</b>	<b>18</b>
4.1	Planen - alternativ	18
4.2	Planprinsipp og tekniske løysingar	19
4.3	Konsekvensutgreiing	19
4.4	Samfunnstryggleik	22
<b>5</b>	<b>Organisering</b>	<b>23</b>

# 1 Innleiing

Bakgrunnen for planarbeidet er at det er behov for utviding av næringsarealet i Breivika. Nytt næringsareal føreset tilgang på stein for utfylling i sjø. Planane for næringsutviklinga er ikkje klarlagt i detalj, men ein ser føre seg utvikling av næring hovudsakleg knytt til fiske og fiskeoppdrett.

Planen vil ikkje vere direkte tiltaksretta, men legg til rette arealbruken for seinare gjennomføring av tiltak.

Gjennomføring av planen føreset at eksisterande småbåthamn i Breivika blir flytta og at tursti frå Rise til Risesætra blir lagt om ved Rise. Kommunen har starta prosess og utgreier alternative plasseringar av båthamn. Omsynet til turvegen, og omlegging av denne er føreset ivareteke gjennom planarbeidet.


Reguleringsplan har fått «planid 1438.2016.02 Detaljreguleringsplan for Breivika industriområde». Norconsult AS gjennomfører planarbeidet for Breivika Eigedom AS.

## 1.1 Lokalisering av planområdet

Breivika er lokalisert vel 1 km vest for kommunesenteret Svelgen langs fv 614 på veg mot Langeneset. Planområde 1 er lokalisert ved fjorden og er avgrensa av fylkesveg 614, bustadområdet på Langeneset og området med samansett arealbruk på Naustneset. Planområdet 2 er lokalisert nord for fylkesveg 614. Arealet grensar til utmark, fylkesvegen samt veg til gravplassen på Rise og landbruksareal. Gravplassen er lokalisert 50 meter sør for planområdet.

Planområda er samla på om lag 145 daa. Planområde 1A er på om lag 57 daa, planområde 1B er på om lag 47 daa og planområde 2 er på om lag 41 daa.

Plan 1A og Plan 1B blir planområde for ein reguleringsplan nord for fylkesvegen og Plan 2 blir planområde for reguleringsplan sør for fylkesvegen.



Figur 1.1 Lokalisering av planområdet og førebels avgrensing

### 1.1.1 Detaljreguleringsplan for Breivika industriområde, Plan 1A og 1B.

Området er synt på figur 1.1 og merka *Plan 1A og 1B*. Det meste av arealet Plan 1A på land er i dag nytta som industriområde. Området er foreslått utvida til å femne om næringsarealet i vest og det etablerte småbåtanlegget med bakanforliggende bustader og tilkomst i aust. Arealet er på omlag 105 daa. Av dette utgjør om lag 50 daa areal i sjø og 55 daa areal på land. Småbåthamna femnar om eit areal på vel 25 daa. I planen skal det leggast til rette for utfylling av området for nytt nærings-/industriareal. Utfylling og oppfylling til byggeklar tomt vil krevje om lag 220.000 m<sup>3</sup>. Ved fylling i sjø er volumet usikkert før geoteknisk undersøking av grunntilhøva.

Arealet i vest blir i dag brukt til industri og lager, medan arealet aust er brukt til bustad og småbåtanlegg.

Planområde 1 (Plan 1) er lokalisert innanfor reguleringsplan for Breivika og reguleringsplan for gang- og sykkelveg i Svelgen sentrum. Dei utbygde areala aust og vest for dei to reguleringsplanane er ikkje regulert.

Innanfor planområdet og inntil planområdet er det etablert bustader.

### 1.1.2 Detaljreguleringsplan for Breivika industriområde, Plan 2

Området er synt på figur 1.1 og markert *Plan 2*. Arealet er planlagt brukt som uttaksområde for stein til utfylling av sjøområdet i Breivika. Planlagt etterbruk er næring med industri/lager. I planen vil noverande regulerte friluftsområde med gjennomgåande sti bli foreslått flytta til utkanten av planområdet. Arealet for *Plan 2* er på om lag 41 daa. Førabels ser ein for seg eit uttaksområde opp mot 31 daa og resten blir urørt natur slik det er i dag. Areal og utforming av uttaksområdet blir nærare vurdert i detaljreguleringsplan.

Området er hovudsakleg lokalisert innanfor reguleringsplan for Svelgen sentrum (vedteken 07.09.2001), jamfør meir omtale under punkt 2.2.1.

Planarbeidet femnar om heile område I3 og deler av I4 som er sett av til industri/lager. Område mellom dei to områda er regulert til spesialområde friluftsområde (FRL).

Etter ønske frå grunneigarar er det nye planområdet i høve gjeldande reguleringsplan utvida mot vest.

Det er kjent at det også er planar for skogsveg sør for planområde Plan2, frå vegen til Rise og gjennom I4-feltet parallelt planavgrensing. Planutvalet vedtok i møtet 01.06.2017 at skogsveg frå kommunal veg må vurderast å ta inn i planområde 2 med sikte på å erstatte stien til Risesetra. Deler av vegen må då inngå i planen, med eit føremål som sikrar tilgjenge for ålmenta. Plangrensa blir tilpassa slik at skogsvegen blir teken inn i ny reguleringsplan.

## 1.2 Målsetting

Mål for planarbeidet er å få tilgang til nytt næringsareal. Det skal vere med å bygge opp om ei vidareutvikling av næringslivet i Svelgen generelt, men spesielt nødvendig byggeareal for Breivika Eigedom AS (Steinvik Fiskefarm).

## 1.3 Tiltaksskildring - utviklingskonsept

Ferdig utbygd vil Næringsparken innanfor dei to delområda femne om eit samla areal på 145 daa derav om lag 20 daa framleis vi vera sjøområde i planområde 1. I planområde 2 vil det bli eit urørt naturområde slik det er i dag, førabels på om lag 10 daa avhengig av avgrensing av uttaksområdet. Næringsparken har ei sentral lokalisering for næringsutvikling langs sjøen i forhold til transport. Planlagde tiltak på vegnettet vil ytterlegare betre tilhøva for transport.


Grunnlagsinvesteringane knytt til ut utfylling i sjø er store. Det må difor ventast ei utvikling av området i fasar/delområde. For næringsarealet langs sjø er det fastsett ei høgde på fronten mot sjø på kote + 2,5 (NN2000). For arealet bakanfor vil terrenget måtte variere i høgde for å gje naudsynt fall for drenering og handtering av overvatn.

Utviklinga kan grovt delast inn i utviklingsområder.

Del 1A (plan 1A) er arealet som er under utvikling og regulert til næring i vedteken plan. I området vil bli ei fortetting og delvis sanering av eksisterande bygningsmasse med oppføring av nye bygg for produksjon og lager. Det er førebels uklart om det blir aktuelt med utfylling i sjøen i planområde 1A, i så fall i mindre omfang.

Innanfor planområde 1B (småbåthamna) vil store delar av området blir bygd på fyllmassar som blir teke ut frå planområde 2 sør for fv 614. Det er ikkje gjennomført grunnundersøkingar eller geologiske undersøkingar av utfyllingsområdet i sjø før høyring av planprogram, men gjennomført under høyringa. Det er heller ikkje føreteke undersøkingar av botntilhøva i sjø av lausmassane og deira tilstand, men dette blir gjennomført før utarbeiding av detaljreguleringsplan. Sjøkart syner djupn på vel 10 meter i yttergrensa for småbåthamna. Sjøbotn har truleg mindre mengde lausmassar over fjell i utfyllingsområdet.

Område 1A (småbåthamna) blir planlagt fylt ut med sprengt stein og det kan vere aktuelt med tiltak for å redusere setningar.



Figur 1.3 Planområde 2, her skissert med intern grense for masseuttak

Planområde 2 skal i hovudsak nyttast for utfylling av Plan 1B (småbåthamn). Massane blir transportert mellom områda på bil. Etter uttak vil område verte utvikla som næringsareal. Tursti er føresett sikra i ny trase i den austlege delen av det nye området (og vil dele område I4 i gjeldande reguleringsplan). I detaljreguleringsplan må det fastsetjast kor stort område som skal vera framtidig byggeareal med nødvendig trafikkareal. I reguleringsplanen vil det bli nærare fastlagt kor mykje av uttaksområdet som skal tilbakeførast med naturlege skrånningar med vekstjord og vegetasjon. Sameleis må breidde for

friluftsområde med tursti langs føreslått plangrense vurderast. Heile planområdet (plan 2) blir vurdert landskapsmessig i høve innsyn spesielt frå sjøen, men også frå fylkesvegen og vegen til gravplassen. Den vestlegaste delen av planområde er svært bratt (trangt i høve fylkesvegen) og vanskeleg å nytta til byggeareal, og blir difor føreslått regulert som del av friluftsområde.


Dersom ein vil sprengje ut heile skisserte uttaksområde i eit plan på ca kote 20, så blir teoretisk uttaksvolum 340.000 m<sup>3</sup>.

Ein ser for seg ei utforming av uttaksområde med noko ulike pallenivå der uttaksvolum blir redusert til om lag 250.000 m<sup>3</sup>. Sistnemnde uttak representerer eit teoretisk overskot 30.000 m<sup>3</sup> etter utfylling i småbåtham med 220.000 m<sup>3</sup>. I tillegg kjem masseutviding av stein til lausmasse minus svinn, eventuell meirfylling i sjø og masse til arrondering i planområde 1A og 2.

Eit meiruttak av stein utover behov for fylling i planområde 1B, representerer verdifull ressurs til andre utbyggingstiltak.

### 1.3.1 Veg, vatn og avlaup samt energiforsyning

For tilkomst til næringsområda skal dei regulerte tilkomstane frå fylkesveg 614 nyttast. Av omsyn til fleksibilitet, må vegane dimensjonast som tilkomstveg i industriområde med kryss og linjeføring tilpassa tungtrafikk. Vegen vil ha ei breidd på 6 meter. I tillegg kjem skulder på 0,5 meter på kvar side.



Figur 1.3 Tverrprofil for tilkomstveg i industriområde med vegbreidd på 6 meter samt skulder (kjelde: Handbok N100).

Vatn til produksjon blir planlagt frå eige (privat) vassforsyningsanlegg frå Risevatnet med utslepp til fjorden med godkjent utsleppsløyve.

Planområdet blir elles tilknytt teke frå kommunalt nett for vatn og avlaup. Det er ikkje kjent om kapasitet for kommunalt nett og anlegg vil bli for liten for etablering av næringsverksemd utover eigen produksjonsvatn og utslepp.

Området vil verte knytt opp mot eksisterande system for levering av næringsavfall.

Energi er føresetta blir via det etablerte nett og ein reknar med at hovudnettet har nok kapasitet til å forsyne planområdet og nyetablering med nok energi.



## 2 Tilhøve til gjeldande planer

Det er gjeve føringar både på nasjonalt og regionalt nivå i tillegg til dei konkrete føringane som kommunen har trekt opp for planarbeidet.

### 2.1 Nasjonale forventningar og regionale føringar

Det ligg føre ei rekkje sentrale føringar som er klarlagt i ulike stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer og statlege planretningslinjer. Dette femnar om nasjonale og regionale mål om bl.a. å ta vare på naturkvalitetar og ressursar, landskap, kulturkvalitetar samt friluftsliv og rekreasjon.

#### 2.1.1 Statlege planretningsline for bustad-, areal og transportplanlegging

Retningslinjene skal bidra til god samordning av bustad-, areal-, og transportplanlegginga, samtidig som den skal legge til rette for eit godt og produktivt samspel mellom kommunar, stat og utbyggarar for å sikre god utvikling av tettstader/knutepunkt.

Planlegginga av utbyggingsmønsteret og transportsystema skal legge til rette for utvikling av bærekraftige tettstader, verdiskaping og næringsutvikling samt fremje helse, miljø og livskvalitet. Effektiv og trygg trafikkavvikling for næringstransport skal vektleggast i planlegginga.

#### 2.1.2 Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø og vassdrag

Formålet med retningslinjene er tydeleggjering av nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet. Retningslinjene legg opp til ei differensiert forvaltning. Bremanger kommune er plassert i kategorien av kommunar der presset på arealet er avgrensa, og retningslinjene trekker opp for desse områda nær tettstad set ein noko meir lempeleg politikk enn i område med uønska utbyggingspress i strandsona.

### 2.2 Lokale føringar

Arealdelen av kommuneplanen dekker ikkje heile planområdet for utbygging. Deler av planområdet er regulert, medan andre delar av området ikkje er regulert.

Tekstdelen til arealdelen av kommuneplanen legg føringar for reguleringsplanarbeidet.


Målsettinga for Bremanger kommune, gjennom «Strategisk Næringsplan 2014-2020, er å legge til rette for at Bremanger kommune er ein attraktiv kommune for etablering- og utvikling av framtidretta næringsaktivitet. Fiskeri og havbruk er ein av sentrale næringar som prioriterast i næringsarbeidet.

#### 2.2.1 Reguleringsplaner

Planarbeidet femnar om areal i 4 reguleringsplaner.

- Reguleringsplan for Breivika, vedtak K-066/98 den 06.10.1998, planid: 1438.1998.01.
- Reguleringsplan for Svelgen sentrum, vedtak K-057/01 den 07.09.2001, planid: 1438.2001.01
- Veg nedste Langeneset, vedtak K-066/98 den 28.04.09, planid: 1438.2009.03)
- Reguleringsplan fortau Svelgen, vedtak K-058/09 den 29.09.09, planid: 1438.2009.06


Det meste av planområde 2 er lokalisert innafor reguleringsplan for Svelgen sentrum. Planarbeidet femnar om heile område I3 og deler av I4 som er sett av til industri/lager. Område mellom dei to områda er regulert til friluft. Gjennom friluftsområdet er det etablert sti som går vidare til Risesætra.



Figur 2.1 Kart som syner reguleringsplan for Svelgen sentrum

Stor del av planområdet 1 (Plan 1A og 1B) er regulert i reguleringsplan for Breivika, vedtatt den 6. oktober 1998, planid: 1438.1998.01.

I tillegg femnar planen om regulert veg «nedste Langeneset» (planid: 1438.2009.03) og reguleringsplan for «fortau Svelgen» (planid: 14382009.06).



Figur 2.2 Kart som syner reguleringsplan for Breivika samt deler av reguleringsplan for gang- og sykkelveg (fortau) i Svelgen Sentrum og reguleringsplan for veg til Langeneset (Kjelde: Nordfjordsamarbeidet).

### 3 Situasjon og utfordringer

Bremanger er lokalisert heilt ute på kysten. Både det høgaste fjellet utanfor fastlandet og den einaste større breen ut mot kysten er lokalisert i kommunen. Planområdet ligg primært innanfor 0 til 65 moh. Influensområdet strekker seg frå fjorden Nordgulen til fjell.


#### 3.1 Arealbruk

Planområdet grensar i nordaust til tettstaden Svelgen som er kommunesenteret med både offentleg og privat service. Fylkesveg 614 går gjennom sentrum. Den deler planområdet i to planområder. I sentrum er det både bustadområde, skule, barnehage, idrettsbane og idrettshall. Vest for planområda er det på Langeneset etablert eit bustadområde. Arealbruken innanfor og ved planområdet er samansett og består både av næring, bustad, offentleg areal, småbåtanlegg og utfartsområde.

#### 3.2 Geologi

Svelgen er lokalisert i eit stort område som består av Devonsk sandstein/konglomerat som hovudsakleg er synleg som bart fjell. Det er avgrensa mengde med lausmassar i området.

Landbruksareala som planområdet grensar til på Rise består av elv- og breelvavsetningar.



Figur 3.1: Kart som syner lausmassegeologien i området (Kjelde: NGU).


### 3.3 Landskap

Nordgulen er ein terskelfjord som går saman med dei to andre korte fjordane Midtgulen og Sørgulen. Utanfor ligg Frøysjøen. Landskapet er dominert av dei kringliggande fjellpartia. Fjella dannar ei markant og særprega ramme om influensområde med sine serprega trappetrinn-liknande fjellformer.

Fjorden Nordgulen blir broten av fleire nes som stikk ut. Nesa skapar inndeling i rom. Plan og influensområdet er lokalsert i eit rom bak Langeneset. I tillegg kjem rommet som blir skapt av dalen ved garden Rise og det store landskapsrommet med Risevatnet.

Norsk institutt for Jord og Skogkartlegging (NIJOS), no Skog og Landskap, har gjort ei inndeling av Norge i landskapsregionar. Bremanger kommune høyrer inn under Ytre fjordbygder på Vestlandet, underregion 21.8 Hornelen.

Aurland Naturverkstad har gjort ei ytterlegare inndeling der området er vurdert til å falle inn under det som er omtalt som Småfjord- og storsundlandskap. Bremanger kommune er i vurderinga som Aurland Naturverkstad har utarbeidd, gjeve landskapsverdi C – vanleg førekomande. Landskapsverdien femnar om landskap som førekjem vanleg i landskapsregionen med gode opplevingskvalitetar.




Figur 3.2: 3D-illustrasjon som syner plan og influensområdet. (Kjelde: Kommunekart.com).

### 3.4 Naturmangfald og kunnskapsgrunnlag

Området ligg vegetasjonsgeografisk til subboreal sone der barskog er dominerande. Klimatisk ligg det i oseanisk område med mykje nedbør og milde vintra. Berggrunnen er devonsk sandstein som gjev dårleg næringstilgang til planter. Naturen i området er vanleg for regionen både når det gjeld dyre og planteliv, men berggrunnen er relativt sjeldan på nasjonalt nivå.

Førekomstane av eldellauvskog er små og spreidd lokalisert. Ved Risevatnet og utanfor Svelegen er det innslag av variert edellauvskogbestand der det m.a. er stovaksen lindeskog. I området er det særleg dei fuktige og undersolte nordvendte liene langs Nordgulen inn mot Svelegen som har sjeldne artar. Elles er naturtypar og arts-samansettinga i området vanleg for regionen.



Figur 3.3: Kart som viser registrerte artar og naturtypar (Kjelde: Miljøstatus).

Ved Rise og fjella i kring er det registrert viktige naturtypar som femnar om nordvendt kystberg, blokkmark med raudlistearten fossegrimemose samt to sørvendte lier med edellauvskog. Fylkesmannen var på synfaring hausten 2013 og fant førekomst av fossegrimemose vesentleg lenger vest enn registreringa i Naturbasen til Miljødirektoratet. Kvitryggspett og gråspett er registrert i dei sørvendte liene. Kongeørn hekkar i fjellområda.

Innanfor planområdet (i småbåthamn) er det registrert naturtypen Ålegras. Naturtypen er gitt verdi svært viktig i naturbasen til Miljødirektoratet. Temaet vert vurdert med utgangspunkt i informasjon frå tilgjengelege kjelder.

Det er aldri mogeleg eller formålstenleg å kartlegge alle artar innanfor plan og influensområde. I området er det gjennomført registreringar i og ved planområdet ved fleire høve. Dei kartlagde kvalitetane i og ved planområdet er frå høvesvis 2004, 2010, 2013 og 2015.

### 3.5 Kulturmiljø

Gardsbruka har vore lokalisert på elv-, strand- eller moreneterrassane rett ovanfor fjorden. Heilt tilbake til yngre jernalder, og då truleg frå siste del av perioden vikingtida, har desse naturgitte tilhøva med flate parti vore dyrka og busette. Dei busette kombinerte ofte jordbruk med fiske. Etter utskiftinga endra næringsgrunnlaget seg vesentleg.

Garden Rise (gnr 38) var opphavelig mykje større enn slik den er i dag, og som følgje av etablering av industriverksemd, har store deler av garden vorte nytta til bustad- og industriformål. Garden kan ha vorte rydda allereie før Svartedauden, og det er truleg potensiale for funn av kulturminne.

Det er ikkje registrert automatisk freda kulturminne eller bygg i SEFRAK-registeret innanfor planområdet, men utanfor planområdet på garden Rise er det fleire registrerte bygg. Det nærmaste er eit meldingspliktig bygg, registrert som gardsfjøs. Gardsmiljøet på Teigane er i plan for vern av kulturminne plassert i verneklasse B. Miljøet femnar om både bustad, fjøs og skykkje. Desse bygga, som er lokalisert sør for nytt planområde, er registrert i SEFRAK-registeret.

### 3.6 Naturressursar

På land er det ikkje registrert spesielle naturressursar i nasjonale databasar. Planområdet vil grense inn til større samanhengande landbruksareal i form av både dyrka mark og skog på Rise. Areala er «relativt» store og samanhengande.

Gytefelt for kysttorsk i Gulafjorden vart registrert i 2015 av Havforskningsinstituttet i samband med nasjonalt program for kartlegging av marint biologisk mangfald, og er verdsett til regionalt viktig. Tema vert undersøkt og vurdert i det vidare arbeidet basert på tilgjengeleg informasjon og offentleg kjelder (Eksempelvis: Naturbase, Fiskeridirektoratets kartteneste, Vannmiljø, kommunen, fylkesmann, forskingsmiljø, Havforskningsinstituttet mfl.). Ved gjenneomføring av tiltak skal ein forklare aktuelle avbøtande tiltak. Vurdering skal mellom anna:

- Lage ei forklaring av gyteområdet for kysttorsk og spesielt delen som kan påverkast direkte og av spreining under anleggsfase. Vurderinga skal gjera greie for kor sårbart gyteområdet vil vera for ulike tidsperiodar

### 3.7 Nærmiljø og friluftsliv

I området Svelgen - Langeneset bur det om lag 1200 personar. På Langeneset er det lagt til rette for ytterlegare utbygging. Tilkomst til det nye bustadfeltet er via Breivika.

Svelgen er ein funksjonsdelt tettstad med ei relativt klar avgrensing av dei ulike områda. Skule, barnehage, kyrkje, industri/næring og bustad er lokalisert innafør eigne avgrensa område. Unntaket er Naustneset som er lokalisert like nordaust for planområdet, der det er etablert både forretningar, sjukeheim og kapell, aktivitetshus/gamleskolen og bustader i same området. På Naustneset inn til småbåthamna i Breivika er næringsverksemda Klausen industri etablert.

Mellom sentrum og Langeneset er det langs fylkesveg 614 etablert fortau. Frå planområdet går det tursti opp til Risesætra.



Figur 3.4: Område i og ved planområda med verdiar for nærmiljø og friluftsliv. (Skule, kyrkjegard og friluftsområde)

### 3.8 Forureining og vasskvalitet

Det er fleire kjende forureiningskjelder ved områda. På nettstaden Vann-nett er den økologiske tilstanden i fjorden Nordgulen karakterisert som moderat. For å betre tilstanden er det krav om utsleppsreducerande tiltak samt tilknytning av separate utslepp til kommunalt nett.

Planområde 2 opnar for uttak medan planområde 1B skal legge til rette for utfylling (sprengt stein). Utfylling kan føre til partikkelspreiing og tilførsel av nitrogenforbindingar frå sprengstoff. Forureining i sediment i utfyllingsområdet kan ha økonomiske konsekvensar for tiltak som reduserer miljørisikoen for spreining frå sediment under utfylling. I tillegg vil det kunne ha konsekvensar for naturmiljøet i sjøen, og eventuell spreining av forureining til mindre forureina lokalitetar.

Det er ikkje kjent om det er gjennomført undersøkingar i sjølve utfyllingsområdet tidlegare, men det blir gjennomført miljøovervaking i samband med utslepp frå Elkem, der ein har prøvestasjonar liggande utanfor Breivika.

### 3.9 Anleggsperioden

Uttak av stein og utfylling vil kunne reise utfordringar i anleggsperioden. Utfordringane knytt til den anleggstekniske sida av uttak og utfylling, er føresett ivareteke gjennom HMT-arbeidet. Utfordringane vil både vere knytt til uttak, transport og fylling.

Omsynet til forureining og spreining av eventuell forureina partiklar/sediment er føresett ivareteke gjennom tema forureining og vasskvalitet.

### 3.10 Samfunnstryggleik

Breivika ligg skjerma bak Langeneset for vind frå vest og sørvest. Målestasjonen i Svelgen har middeltemperatur på 6,8 grader og normalnedbør på om lag 2700 mm.

Ved utarbeiding av planer, har kommunen ei plikt til å vurdere om areal er utsett for farar eller representerer farar for omgjevnadene.

I plan- og bygningsloven er det i § 4-3 innarbeidd krav om risiko- og sårbarheitsanalyse som skal følgje reguleringsplan ved utarbeiding av arealplaner. Analysen skal syne alle risiko- og sårbarheitstilhøva som har innverknad på om området er eigna for utbygging. Det vil femne om både farar knytt til uttak av stein, utfylling, skredfare samt havnivåstigning, stormflo og bølgepåverknad.



### 3.11 Oppsummering

Ein gjennomgang av situasjonen syner at planarbeida reiser litt ulike utfordringar både i høve konsekvensar og tekniske føresetnader.

Planområde 1- utfordringane planarbeidet i fyrste rekkje bør gripe tak i er:

- Tekniske løysingar – Utforming, stabilisering og avgrensing av sjøfylling
- Konsekvensane av planframlegget for nærmiljø, landskap, marine ressursar og marint biologisk mangfald/vasskvalitet, støy og utslepp til sjø

Planområde 2 - utfordringane planarbeidet i fyrste rekkje bør gripe tak i er:

- Tekniske løysingar – avgrensing og inndeling av uttaksområde i etappar og bruk av området som næringsareal og utgangspunkt for turar ved ytterkant av planområdet
- Konsekvensane av planframlegget i høve landskap samt nærmiljø og friluftsliv
- Konsekvensane av planen i høve forureining med fokus på støy, utslepp i grunnen til luft og sjø både i anleggs- og driftsfasen.

Andre spørsmål er føresett omtalt i planomtalen. Dette gjeld bl.a. omsynet til kulturmiljø, friluftsliv og naturressursar på land.

Kommunen føreset at område sør for fylkesvegen (planområde 2) er eit kortvarig masseuttak for utfylling næringsareal på nordsida av fylkesvegen med detaljert reguleringsplan for etterbruk av næringsarealet med buffersone mot gravplass med meir. Reguleringsplan skal heimle direkte søknad om tiltak. Eit masseuttak over eit kort tidsrom for fylling av tomt i same område vil ikkje vera omfatta av krav til driftsplan etter minerallova.

## 4 Framlegg til plan- og utgreiingsprogram

Planprogrammet omfatter to planområde til reguleringsplan, men skal handsamast som ein plan med felles føresegner, der tilrettelegging av næringsareal i planområde 1 er avhengig av masseuttak frå planområde 2. Det blir føresett uttak av massar i avgrensa tidsrom.

### 4.1 Planen - alternativ

Det er ikkje aktuelt med vurdering av alternativ lokalisering av verken næringsarealet eller uttaksområde for stein til utfylling i Breivika.


Breivika Eigedom er etablert med omfattande utbygging og aktivitet i planområde Plan 1A og ikkje aktuell å flytte på grunn av logistikk og utførte investeringar.

Uttak av stein frå planområde Plan 2 er valt ut frå kortast muleg transport og miljø.

Alternativ 0 (dagens situasjon) er noverande bruk med utnytting av området i samsvar med føringane i vedtekne reguleringsplanar innanfor områda, plan 1 og plan 2.

Alternativ I; Tomte- og arealjustering, fortetting innanfor planområde 1A, utfylling av område 1B med uttak av stein frå område 2.

Etterbruk av planområde 2 som industri-/næringsareal i samsvar med tiltaksskildringa i kap 1 og synt i figur 4.1.



Figur 4.1 Planområde 2 med maksimalt industri-/lagerareal innanfor blå stipla strek

Konsekvensane av planframlegget blir vurdert opp mot alternativ 0/referansealternativet (dagens situasjon).

## 4.2 Planprinsipp og tekniske løysingar

Planprinsippa og dei tekniske løysingane som blir lagt til grunn for området vil vere avgjerande for bruken av arealet både i utfyllingsområdet (plan 1B) og uttaksområdet (plan 2).

Det skal utarbeidast ei oversikt over løyver som er naudsynte for å etablere fyllinga i sjø (planområde 1) og uttaksområde (plan 2).

Vurdering av grunntilhøva i sjø blir bassert på observasjonar og kartlegging av tilhøva for fundamentering (fjell i dagen, lausmassar, lausmassetypar som kan observerast, intervju med representantar frå kommunen samt synfaring i båt på sjøen med grov sjøbotnkartlegging ved hjelp av sjøkkikkert). Primærområda er fyrst og fremst areala langs land kor det er ønskeleg å etablere fylling. I tillegg blir tidlegare gjennomførte vurderingar gjennomgått.

Resultatet av synfaringa vil saman med lodding djupnedata/kartdata som blir knytt saman med det digitale kargrunnlaget på land, vil danne grunnlaget for vurdering av framlegg til utforming, stabilisering og avgrensing av sjøfyllinga.

Dersom kartlegginga syner at det vil vere trong for å gjennomføre ytterlegare granskingar som t.d. prøvetaking eller totalsondering som femnar om ein kombinasjon av fjellboring og modifisert dreietrykkssondering, blir dette klarlagt/definert gjennom arbeidet med klargjering av dei tekniske føresetnadene.

## 4.3 Konsekvensutgreiing

Ved utarbeiding av konsekvensutgreiinga skal metodikken i Statens vegvesen si handbok V712 «Konsekvensutgreiingar» leggast til grunn. Metodikken skal leggast til grunn for dei vedtaksrelevante utgreiingstema som planframlegget vil ha vesentlege verknader for.

På bakgrunn av det som kjem fram av omtale av dagens situasjon, er det i planprogrammet lagt vekt på landskap, nærmiljø og friluftsliv, naturmangfald samt forureining i konsekvensutgreiinga. Det skal utarbeidast eigen deltemarapport/notat for det einskilde deltema.

Vurderinga av verknadene skal gjerast på grunnlag av dei tekniske løysingane som er valt.

For kvart tema i konsekvensutgreiinga er det spesifisert følgjande i planprogrammet:

- Hovudproblemstilling og fokus for utgreiinga
- Tilrådd metode
- Oversikt over eksisterande kunnskap i form av planar, utgreiingar, retningsliner, registreringar, databasar osv.

1	Landskap
Hovudproblemstilling og fokus for utgreiinga	Området er lokalisert på kysten og er ope og eksponert for inngrep. Deler av arealet er prega av tekniske inngrep gjennom etablert næringsaktivitet. Ut over dette er plan og influensområdet i liten grad prega av tekniske inngrep. Planen vil i fase I opne for inngrep i form av utviding av området som i dag blir nytta til uttak av pukk, samt etablering av hamn. For å klargjere verknadane av både stein-/pukkuttak og etterbruken, kan det bli aktuelt å utarbeide illustrasjon som illustrerer nær- og fjernverknaden av ferdig utbygd område.
Metode	Vurderinga blir gjennomført på bakgrunn av framlegg til plan, synfaring, kartmateriale, flyfoto og bilde, samt anna tilgjengeleg grunnlagsmateriale. Verdivurderinga av landskapet blir skildra ut frå heilskap (komposisjonen), om landskapet er vanleg i regionen ( i høve NIJOS si regionsinndeling) og viktige strukturerande element som er viktige for landskapet sin karakter. Omfanget

	skal skildre kor store endringar tiltaket er antatt å representere for landskapsbiletet i det rørte området. Omfanget er ein komposisjon av inngrep, innsyn/fjernverknad, og verknader av føreslegne avbøtande tiltak som ein del av tiltaket (innarbeidd i planen). Konsekvensane for landskap er endringar tiltaket vil medføre i høve referansealternativet, vurdert på bakgrunn av samanstilte verdi og omfangsvurderingar.
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Handbok V712. Konsekvensutredninger</li> <li>- Kart med terrenginngrep</li> <li>- NIJOS si inndeling av Noreg i landskapsregionar og "Nasjonalt referansesystem for landskap".</li> <li>- KU for fv 614</li> <li>- Foto og illustrasjonar</li> </ul>

<b>2</b>	<b>Nærmiljø og Friluftsliv</b>
Hovudproblemstilling og fokus for utgreiinga	Planområdet grensar og går inn i areal med viktige verdier for friluftsliv. Tilgrensande sjøområde og strandlinje innanfor deler av planområdet, er registrert med verdi. Det same gjeld uttaksområde. Verdiane er knytt til arealet sin tyding for friluftsliv og rekreasjon på og ved sjøen samt utfartsområde for fjellturar.
Metode	Relevante kvalitetar knytt til nærmiljøet og friluftsliv skal dokumenterast ut frå føreliggande bakgrunnsinformasjon som blir henta inn frå offentlege etatar, ulike interesseorganisasjonar og ressurspersonar. Særskilt friluftskvalitetar skal kartleggast innanfor plan- og influensområdet. Avbøtande tiltak vil verte føreslått dersom det er fagleg grunnlag for det.
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Handbok V712. Konsekvensutredninger</li> <li>- Synfaring og registrering</li> <li>- KU for fv 614</li> <li>- Informasjon frå offentlege instansar, kommunen og organisasjonar</li> </ul>

<b>3</b>	<b>Naturmangfald</b>
Hovudproblemstilling og fokus for utgreiinga	Planområdet ligg nær og femnar om naturtypar registrert i Naturbasen. Det skal vurderast om arbeidet vil kunne få innverknad på desse kvalitetane med ei klargjering av kor stor del som går tapt (som følgje av utbygging) og kva som er konsekvens for verdisetting av lokalitet.
Metode	Vurderinga av verknader for naturmangfald skal ta utgangspunkt i økologiske kriterium for ulike natur- og miljøverknader. Viktige område for biologisk mangfald blir identifisert og vurdert opp mot arealbruken i planframlegget. Basert på metodikken i handbok V712 vil området verte verdsett. Konsekvensane vil verte vurdert med utgangspunkt i omfanget av endringane som tiltaket medfører for naturmangfaldet. Avbøtande tiltak vil verte føreslått dersom det er fagleg grunnlag for det.
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Handbok V712 Konsekvensutredninger</li> <li>- Framlegg til arealbruk</li> <li>- KU for fv 614</li> <li>- Naturbasen til Miljødirektoratet og andre offentlege informasjonsbasar</li> <li>- Miljøstatus.no</li> </ul>

<b>4</b>	<b>Naturressursar</b>
Hovud-problemstilling og fokus for utgreiinga	Gytefelt for kysttorsk i Gulafjorden vart registrert i 2015 av Havforskningsinstituttet i samband med nasjonalt program for kartlegging av marint biologisk mangfald, og er verdisett til regionalt viktig.
Metode	Vurderinga av verknader for marine naturressursar skal ta utgangspunkt i føreliggande informasjon om gyteområdet for kysttorsk og spesielt delen som kan påverkast direkte samt ev. spreieing under anleggsfasen. Vurderinga skal gjere greie for kor sårbart gyteområdet vil vere for ulike tidsperiodar. Avbøtande tiltak vil verte føreslått dersom det er fagleg grunnlag for det.
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> <li>- Handbok V712 Konsekvensutredningar</li> <li>- Framlegg til arealbruk</li> <li>- Naturbase, Fiskeridirektoratet si kartteneste, Vannmiljø og informasjon frå andre kjelder som kommune og Fylkesmann, forskingsmiljø (Havforskningsinstituttet m fl)</li> </ul>
<b>5</b>	<b>Forureining</b>
Hovud-problemstilling og fokus for utgreiinga	Anleggs- og driftsfasen kan gje både permanent og mellombels utslepp i grunn og sjø. Dette femnar om både utslepp frå anleggs- og driftsfasen. Det skal som ein del av arbeidet gjennomførast både grunnundersøkingar og miljøundersøkingar av botnsediment.
Metode	Fokus i utgreiinga vil vere knytt til <b>(1) marint plante og dyreliv</b> – det blir fokusert på kjende naturverdiar i området og konsekvensane av mellombelse forstyrringar og habitatendringar på kort og lang sikt (er der mogeleg å spisse fokus), samt <b>(2) forureining</b> frå utfyllingsmassar (sprengt stein); partikkelspreiing og tilførsel av nitrogenforbindelsar frå sprengstoffrestar. Avbøtande tiltak vil verte føreslått dersom det er fagleg grunnlag for det.
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> <li>- SFT og Folkehelsa sine anbefalte grenseverdiar.</li> <li>- Informasjon frå offentlege instansar, kommunen og organisasjonar.</li> <li>- KU for fv 614</li> </ul>
	-

#### 4.4 Samfunnstryggleik

Til alle arealplanar skal det ligge føre ei risiko- og sårbarheitsanalyse i samsvar med § 4-3 i plan- og bygningsloven.

Analysen skal vere tufta på kjend kunnskap, både om situasjonen i området og dei framtidige tiltaka. Det er føresetta at det ved utarbeiding av detaljreguleringsplan(er) blir utarbeidd ROS-analyse(r) for desse planane.

6	Samfunnstryggleik /ROS vurdering
Hovud-problemstilling og fokus for utgreiinga	Vurdere potensielle uønskte hendingar og konsekvensane av desse i høve samfunnstryggleik. Det vil femne om både farar knytt til uttak av stein, utfylling, skredfare samt havninvåstigning, stormflo og bølgepåverknad.
Metode	<p>ROS-metodikken blir tilpassa analyseobjektet, detaljeringsgraden på dokumentasjonsgrunnlaget og stadspesifikke tilhøve. ROS vurderinga er kvalitativt tufta på tilgjengeleg informasjon og blir gjennomført i samsvar med DSB sine rettleiarar og hovudprinsippa i NS5814 Krav til risikoanalyse.</p> <p>Førebuaende arbeid:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Definerings av mål, føresetnader og rammeverket for ROS</li> </ul> <p>Arbeidsmetodikken omfattar følgjande trinn:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Fareidentifikasjon – kartlegging av moglege uønskte hendingar (av framtidig arealbruk for fase I, dvs. industri i sør, råstoffutvinning og hamn)</li> <li>- Utarbeiding liste over representativt og vedtaksrelevant utval av hendingar for nærare analyse</li> <li>- Gjennomføring av risiko- og sårbarheitsvurdering (ROS)</li> <li>- Evaluering av risiko, identifikasjon av behov for risikoreduserande tiltak</li> </ul>
Grunnlagsmateriale	<ul style="list-style-type: none"> <li>- NS 5814:2008 Krav til risikovurderinger</li> <li>- Samfunnstryggleik i arealplanlegging</li> <li>- Risiko- og sårbarheitsanalyse for Sogn og Fjordane</li> <li>- SIGVE-rettleiing</li> </ul>

## 5 Organisering

Planprogrammet blir lagt ut for høyring og offentlig ettersyn. Høyringsperioden for planprogrammet er på 6 veker. I samband med høyring av planprogrammet kan planprogrammet verte teke opp som tema i Planforum.

Planprogrammet blir kunngjort i avisa Firdaposten og Fjordenes Tidende. I tillegg er planprogrammet lagt ut på internettadressa [www.bremanger.kommune.no](http://www.bremanger.kommune.no) under "framsida" og på rådhuset.

I høyringsperioden vil oppdragsgjevar legge opp til open kontordag i Svelgen der alle interesserte kan møte plangruppa for informasjon og drøfting av tiltak.

På bakgrunn av framlegg til planprogram og innkomne merknader skal Bremanger kommune fastsette planprogrammet. Fastsett planprogram blir lagt ut på internettadressa [www.bremanger.kommune.no](http://www.bremanger.kommune.no) under "kommuneplan".

Dersom statlege eller regionale styresmakter på grunnlag av framlegget til planprogram vurderer at tiltaket kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn, skal dette kome fram av deira uttaler.

Etter at planprogrammet er fastsett, vil vidare innsyn og høve til å påverke planarbeidet i hovudsak vere knytt til varsling og offentlig ettersyn slik dette er nedfelt i plan- og bygningslova.

Gjennom prosessen med handsaming av planframlegget med tilhøyrande konsekvensutgreiing, vil det vere ein open prosess som følgjer dei ordinære handsamingsrutinane i plan- og bygningslova.

Tabell 5.1: Fasar og tidsplan for planprosessen.

Våren 2017	<b>Politisk handsaming av planprogram og start av planarbeid</b> Bremanger kommune varslar start av planarbeid med detaljreguleringsplan og legg utkast til planprogram ut til offentlig ettersyn. Etter høyring fastset kommunen planprogrammet.
Haust 2017	<b>Utarbeiding av konsekvensutgreiing og planframlegg</b> På bakgrunn av fastsett planprogram blir det utarbeidd konsekvensutgreiing og framlegg til detaljreguleringsplan.
Haust 2017 / vinter 2018	<b>Handsaming av konsekvensutgreiing og detaljreguleringsplan</b> Bremanger kommune legg detaljreguleringsplanen med tilhøyrande konsekvensutgreiing ut til offentlig ettersyn. Basert på mottekne merknader til planframlegget vedtek kommunen detaljreguleringsplanen.

Reguleringsplanen skal òg ligge til ettersyn i 6 veker, og det vil då kunne vere aktuelt med folkemøte.